



Arkivsaknr: 2024/5216-8
Sakshandsamar: Ingunn Øvretveit
Avdeling: Helse og omsorg

SAKSFRAMLEGG

Søknad om fornya salsløyve for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i tidsrommet 01.10.24 - 30.09.28 - Evjen Handel Knarvik AS - Bunnpris Knarvik

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Evjen Handel Knarvik, org.nr. 925775894 vert innvilga salsløyve for alkohol gruppe 1 i omsøkte lokalar – Bunnpris Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø.
2. Løyvet vert gjeldande i perioden frå 01.10.24 – 30.09.28
3. Styrar for løyvet: Dag-Halvor Evjen. f. 01.03.84.
Avløyсар for løyvet: Trine Kleiveland, f. 08.03.93
4. Salstidene følgjer vedteken forskrift om sals-, skjenke- og opningstider for Alver kommune.
5. Løyvehavar pliktar å sende til Alver kommune oppgåve over faktisk omsett mengd alkohol innan 01. mars kvart år.
6. Løyvehavar har sjølv ansvar for til ei kvar tid å leggje fram opplysningar for kommune som kan ha konsekvensar for dei vilkår som er sett i løyve.

Klagerett: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningslova § 29. Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for levekår

Saka gjeld

Søknad om fornying av salsløyve for alkoholhalig drikk gruppe 1 i perioden 2024- 2028

Bakgrunn

Evjen handel Knarvik AS- har i søknad datert 25.04.24 søkt om fornying av salsløyvet for alkoholhaldig drikk gruppe 1 i lokalene til Bunnpris Knarvik, Kvernhusaugane 10, 5914 Isdalstø. Dag Halvor Evjen er styrar for salsløyvet og Trine Kleiveland er avløyssar. Opningstida er frå kl. 07.00 til kl. 20.15 måndag- fredag. Laurdag frå kl 08.00 – 20.15.

Vurdering

Alver kommune har løyveperiodar på inntil 4 år for sal og skjenking, med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltreir (Alkoholova §1- 6). Evjen Handel Knarvik AS søker løyve for ny periode.

Søknaden har vore til uttale hjå NAV Alver, politi og skatteetaten som ikkje har merknader til søknaden eller omsøkte personar.

Styrar og avløyssar for salsløyvet har bestått kunnskapsprøven i samsvar med alkoholova §1- 7 c.

Alkoholova §1- 7b (krav til vandel) og alkoholova §1-7 a (kommunens skjønnsutøvelse ved behandling av søknad), samt kommunen sin alkoholpolitiske plan (2024-2028), Alver kommunes kommuneplan samfunnsdel (2022-2034) er lagt til grunn i vurdering av søknaden.

Kommunedirektøren si tilråding

Søknaden vert tilrådd innvilga.